



Kommunar i Hordaland

Dato: 14.04.2016  
Vår ref.: 2016/4132-1  
Saksbehandlar: oddber3  
Dykkar ref.:

## Rullering av HFK sin Skulebruksplan - informasjon om framdrift

Våren 2016 arbeider Hordaland fylkeskommune (HFK) med ei rullering av sin skulebruksplan. HFK ønskjer å kunne tilby eit breitt og fagleg sterkt vidaregåande opplæringstilbod framover både innan yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram. Vidare er eit overordna mål at flest mogleg av ungdommane i Hordaland fullfører vidaregåande opplæring med eit godkjent kompetansebevis eller vitnemål. For å oppnå dette er det avgjerande med eit godt samarbeid og ein god dialog med kommunane og lokalt næringsliv. Kommunane er difor ein sær s viktig høyringsinstans i arbeidet med rullering av skulebruksplanen.

Fylkesdirektør for Opplæring ønskjer med dette brevet å informere om framdrifta i arbeidet slik at det vert gitt godt høve til å planleggje ein høyringsuttale for dei kommunane som ønskjer det.

### Bakgrunn

HFK sin skulebruksplan for perioden fram mot 2025 vart handsama og vedtatt av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013.

I november 2015 vedtok fylkesutvalet (PS280/15) at denne planen skulle rullerast i 2016. Rulleringa skal vurdere skulestrukturen fram mot år 2030 og leggje til grunn dei same kriteria for skulestruktur som i den opphavlege skulebruksplanen.

### Planlagt framdrift på arbeidet:

- Ut på høyring 19.05.16
- Høyringsfrist 01.07.16
- Etter handtering av innsende høyringsuttalar vil fylkesrådmannen leggje fram politisk sak til slik handsaming:
- Handsaming Opplærings- og helseutvalet 07.09.16-08.09.16
- Handsaming Fylkesutvalet 21.09.16-22.09.16
- Endeleg handsaming i Fylkestinget 04.10.16-05.10.16
- Vedtak vil tidlegast få verknad frå hausten 2017

## Høyringsuttalar

Det vil verte ei open høyring der både institusjonar og privatpersonar er velkomne til å gi uttale. Høyringsgrunnlaget vert ikkje sendt ut i papirform, men publisert på Hordaland.no – Hordaland fylkeskommune sine offisielle nettsider. Dei som vert vurdert som dei mest sentrale høyringsinstansane, vil få tilsendt ein e-post med lenke til høyringsforslaget. Høyringsuttalar kan berre leverast elektronisk på HFK sine nettsider, men det vil verte høve til å laste opp vedlegg dersom det er ønskjeleg.

Birthe Andersen Haugen  
seksjonsleiar

Odd Bjarne Berdal  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*